



MASFJORDEN KOMMUNE

Nordbygda barnehage

Til

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen Masfjorden kommune

Søknad om Re-komp midlar innafor 30 % -potten som går til kompetanseheving blant tilsette.

Nordhordland kompetanseregion får årleg tilskot frå Statsforvaltaren i Vestland gjennom REKOMPordninga. Midlane skal nyttast til tilrettelegging for kompetanseheving for tilsette i private og kommunale barnehagar i regionen til m.a.:

- barnehagefaglig grunnkompetanse
- kompetanseheving for fagarbeidere og assistentar
- tilretteleggingsmidler for lokal prioritering

MÅL:

Tilsette opplever å få kompetanseheving på fagområde som fører til at barn opplever å få eit godt tilpassa og inkluderande tilbod i barnehagen med mogelegheit for utvikling, meistring, læring og trivsel.

Barnehage, PP-tjenesten og andre som utgjer **laget rundt barn** må jobbe saman for å skape eit inkluderande fellesskap og miljø for læring.

LOKALE VURDERINGAR:

Tilsette og laget rundt barn med behov for spesialpedagogisk hjelp i vår barnehage treng fortløpande opplæring og kompetanse på m.a. Tegn til tale, Milla Says, Karlstadmodellen og ASK (alternativ supplerande kommunikasjon). Vi har barn med Downs syndrom som har oppfølging frå fysioterapeut, ergoterapeut, PPT/logoped, pedagog og fagarbeidar innafor barnehagen og helse. Kompetanse på desse områda vil òg styrke den pedagogiske oppfølginga for fleire barn som treng støtte i kommunikasjon og språkopplæringa si, av tilsette i barnehage og skule som er nær barn i kvardagen.

KONKRETE KOMPETANSEHEVINGSTILTAK:

- Opplæring og vedlikehald av Tegn til tale og Milla Says kan gjennomførast av Tegnsentralen.no. Dei tilbyr kurs tilpassa vårt behov.
- Opplæring i ASK (alternativ supplerande kommunikasjon). Her må det avsetjast tid / bruk av vikar for at tilsette skal få opplæring i bruk av programmet.

Det vert søkt om kr 30.000,- for 2023.

Hosteland 03.03.23

Inger Marie Duesund

styrar Nordbygda barnehage

Felles kontoradresse: 5984 MATREDAL	Telefon: 56 16 61 30	Telefaks:	E-postadresse: indremasfjorden.bh@masfjorden.kommune.no
5986 HOSTELAND	56 16 64 00	56 16 64 01	nordbygda.bh@masfjorden.kommune.no
5981 MASFJORDNES	56 16 61 00	56 16 61 01	sandnes.bh@masfjorden.kommune.no